



Grunnskular med ungdomstrinn i Møre og Romsdal  
Private skular med ungdomstrinn i Møre og Romsdal  
Vaksenopplæringssentra i Møre og Romsdal

## Registrering av fagpersonar for sensoroppdrag ved skriftleg sentralgitt eksamen i grunnskulen 2014

Fylkesmannen takkar for fjorårets registrering av fagpersonar, og for «lånet» av sensorar/oppmenn som gjennomførte sensuren 2013 på aller beste måte. No går det mot ein ny eksamensperiode og vi ber med dette om at rektorar i PAS registrerer/ oppdaterer fagpersonar som kan nyttast til sensoroppdrag våren 2014.

### Nytt for vaksenopplæringssentra våren 2014

Det er innført felles førebuingdel, felles eksamen og felles sensur med grunnskulen. Registrering av fagpersonar og påmelding av vaksne elevar som skal ta grunnskuleeksamen skal framleis gjerast i PAS: velg no prøvetype «Eksamen grunnskole». Meir opplysingar om ny ordning kjem på møte om eksamen 7. februar.

Vi viser til informasjon på Udir om eksamen i grunnskulen. Her finn ein artikkel om trekking og påmelding av kandidatar og om gjennomføring «før», under» og «etter» sentralt gitt skriftleg eksamen:

- Eksamensinformasjon: <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/>
- Eksamensdatoar for grunnskulen: <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/For-skolen/For-eksamen/Eksamensplan-grunnskole/>

Fylkesmannen ser at behovet for sensorar er stadig aukande. Vi har ei god kjerne med sensorar, men for at vi også i framtida skal kunne sikre ein rettferdig og god sensur har vi i tillegg ei særleg oppfordring til skular som ikkje har hatt sensorar om å oppmuntre sine lærarar til å melde seg. Den særskilte oppmodinga gjeld også vaksenopplæringssentra som no går inn i den ordinære grunnskulesensuren. Vi minner elles om at deltaking i sensorkorpset er ei betydeleg kompetanseheving på vurdering for den einskilde lærar gjennom m.a. sensorskuleringa. Vi oppfordrar skulane til å dra nytte av denne kompetansen gjennom å t.d. nytte lærarar med sensorerfaring til kursing av resten av personalet. Sjå gjerne Udir sin film, *Tolkingsfellesskap – ein veg mot rettferdig vurdering*:

<http://www.udir.no/Vurdering/Vurdering-for-laring/Tolkingsfellesskap---en-vei-mot-rettferdig-vurdering/>

Utdanningsdirektoratet har ei eiga nettside om sensurarbeid – Bli sensor:

<http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/For-sensor/For-eksamen/Bli-sensor/>.

Her ligg det også lenkje til ei brosjyre, og sjølv om denne brosjyren er retta mot vidaregåande, finn ein også god og praktisk informasjon som det å vere sensor i grunnskulen. Ver m.a. merksam på at talet på elevsvar er mindre i grunnskulen.

Fylkesmennene har ansvar for den skriftlege sensuren innanfor sine regionar og har ansvar for oppnemning av sensorar til skriftleg eksamen. Møre og Romsdal utgjør ein eksamensregion saman med Sogn og Fjordane. Sensuren i engelsk og matematikk er i år lagt til Møre og Romsdal, medan Sogn og Fjordane har ansvar for sensuren i norsk.

Vi ber om at **rektor innan 1. mars 2014** registrerer / oppdaterer i PAS dei fagpersonane som kan ta på seg sensoroppdrag i skriftlege fag våren 2014.

Logg inn på PAS, <https://pas.udir.no/>, vel prøvetype *Eksamen grunnskole* og prøveperiode *Våren 2014*. Oppdatert brukarrettleiing til *PAS/PGS* finn ein under *Dokumenter* på startside i PAS eller på <http://www.udir.no> under *Vurdering - Eksamen grunnskole – IKT-basert eksamen*.

I PAS under menypunkt *Sensur - Fagpersonar – Oversikt* finn ein liste over dei fagpersonane som skulen tidlegare har registrert i PAS. Desse personane ligg no utan status for eksamen 13/14. Dersom dei er aktuelle for sensoroppdrag også i 2014, må dei merkast av med status *"Foreslått 13/14"* for kvart av faga der dei er aktuelle. Dette skal gjerast under fana *Ajourfør fagpersonar – «Skolens namn» - Skoletilhørighet + Fag*.

Rektor sitt ansvar er å registrere og å halde informasjonen om fagpersonar på sin skule oppdatert. I samband med dette skal følgjande punkt gjennomførast:

1. **Tidlegare fagpersonar:** hake av med status *"Foreslått 13/14"* (evt. legge til ny fagkode).
2. **Registrere evt. nye fagpersonar i PAS** (også desse må hakast av med status *Foreslått*)
3. **Oppdatere all informasjon om skolens fagpersonar** (sjekk postadresse og e-postadresse nøye)
4. **Kontrollere / rette opp fagkode(ar)** for personen
5. **Hake av for "Dette er fagpersonens hovedarbeidsplass"** under *Skoletilhørighet*

**Merk at fagpersonar i norsk må registrerast og hakast av i alle tre fagkodane:**

NOR0214 Norsk hovudmål

NOR0215 Norsk sidemål

NOR1415 Norsk med fritak for vurdering i sidemål

### **Rektor sikrar kvalitet på sensurarbeidet**

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til kvar enkelt sensor. Vi er heilt avhengige av at rektor kvalitetssikrar fagpersonane frå eigen skule. Skal elevsvara få ei kvalitativt god og rett vurdering, må vi lite på at dei sensorane vi oppnemner, er skikka for sensurarbeidet. I dette ligg det og ei forventning om at oppnemnte sensorar møter på sensorskuleringa.

Vi ber rektor leggje vekt på at potensielle sensorar

- har god innsikt i læreplanane og er fagleg dyktige
- har undervisningskompetanse i faget
- har ein påliteleg veremåte, god arbeidskapasitet og samarbeidsevne
- bør ha erfaring frå undervisning i avgangsklasse

### **Oppnemning av sensorar**

Fylkesmannen oppnemner sensorane for eitt år om gongen. Ein sensor har derfor ikkje krav på oppnemning ut over det eine året. Men det er ei målsetjing at både røynde og urøynde sensorar skal nyttast i sensorcorpset, og at det er god geografisk fordeling.

Ved oppnemninga vil vi, så langt det er mogleg, ta omsyn til at det skal vere tilnærma lik fordeling av begge kjønn i sensorgruppene for faga, og at det er ei spreining i alder og røynsle i sensorcorpset. Sensorar frå Møre og Romsdal vil få oppdrag både frå eige fylke og frå Sogn og Fjordane. Dei som skal fungere som sensorar vil få melding om dette i mars / april. Meldinga blir sendt direkte frå PAS til den e-postadressa som er registrert på fagpersonen i PAS. Pass difor på at denne er rett.

### **Bruk av PAS i sensureringsarbeidet**

Dei som vert oppnemnde som sensorar til skriftleg eksamen, vil få tildelt sensorrolle i PAS. Alle sensorane får tilgang til elektroniske elevlister knytt til elevsvara, og skal fylle ut framlegg til karakterar i PAS. For skular der elevane leverer prøvesvaret digitalt, vil begge sensorane som skal sensurere desse, få tilgang til elevsvara dagen etter at prøva er avlagt.

PAS har eiga brukarretteiing for sensorar.

På fellessensurmøtet skal sensorane nytte PAS til å registrere endelege karakterar.

**Fellessensurmøta** i begge fylka blir avvikla **16. og 17. juni**.

- Fellessensuren for engelsk og matematikk blir avvikla på Quality Hotel Alexandra i Molde
- Fellessensuren for norsk blir avvikla i Sogn og Fjordane, Hotel Alexandra i Loen.

**Sensorskolering** for oppnemnde skriftlege sensorar frå begge fylka er i år lagt til Hotel Alexandra i Loen **8. -9. mai** ("lunsj til lunsj-samling").

### **Anna informasjon**

**Påmelding av elevar:** Trekket skal gjerast før påmelding. Skolar skal melde på kandidatar (også vaksne) til eksamen innan **1. mars**. Påmeldinga skal gjerast i PAS. Sjå link:

<http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/For-skolen/For-eksamen/Pamelding-av-kandidatar/>

### **Møte om eksamen og vurdering**

Vi vil elles gjere merksam på møte om eksamen og vurdering fredag den 7. februar på Quality Hotel Alexandra i Molde. Målgruppe er ansvarlege for eksamen på kommunenivå og rektorar/eksamensansvarlege for skolar med ungdomstrinn og vaksenopplæringsentra. Invitasjon, program og påmelding til dette møtet er sendt ut.

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)  
Utdanningsdirektør

Annhild Merete Lorentzen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

Kommunane i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER